Saksframlegg

Sakshandsamar:	Helga Bakken	Arkiv:	
Arkivsaksnr.:	16/214-1		

Revisjon av kommunale reglar for sal og skjenking av alkohol

*** Rådmannen si tilråding:**

Utval for velferd, oppvekst og kultur vil utarbeide ny ruspolitisk handlingsplan i samsvar med saksframstillinga. Dette inneber at plandokumentet i hovudsak skal omhandle kommunen sitt reglement for sal og skjenking av alkohol. Reglementet skal leggjast til grunn for tildeling av sals- og skjenkeløyve for perioden 01.07.2016 til 30.06.2020.

Som ein del av dette arbeidet skal utvalet gje ein kort omtale av rusmiddelsituasjonen, det skal innhentast informasjon og synspunkt frå fagorgan i- og utafor kommunen og næringa skal høyrast. Planen skal handsamast i kommunestyret i juni.

Planavgrensinga inneber at ny oppvekstplan og revisjon av gjeldande plan for helse- og omsorg må omtale russituasjonen i kommunen og tiltak på området.

Uprenta vedlegg:

1. Ruspolitisk handlingsplan for Sogndal kommune 2012 – 2016
2. Prop.15 S Opptrappingsplanen for rusfeltet (2016-2020)
3. Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.s.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

I følgje alkohollova § 1-7d skal kommunen utarbeida ein alkoholpolitisk handlingsplan. Planen skal gjelda for ein periode på 4 år, og skal reviderast ein gong i kvar kommunestyreperiode. Planen bør følgja kommunen sin skjenkeløyveperiode som går frå 01.07.2016 til 30.06.2020.

Kommunen er gjennom ulike lover pålagt å gjennomføra ei rekke oppgåver på rusmiddelområdet. Dei viktigaste lovene er:

- Lov av 2.juni 1989 nr. 27, sist endra 18.12.2015 om omsetnad av alkoholhaldig drikk.
- Lov av 17.juni 1992 om barneverntjenester
- Lov av 18.desember 2009 nr. 131 om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen
- Lov av 05. august 1994 om vern mot smittsame sjukdomar
- Lov av 24.06.2011 om kommunale helse- og opmsorgstjenester m.m.
- Lov av 24.06.2011 om folkehelsearbeid

1.1 Alkohollova

Gjennom alkohollova har kommunestyret direkte innverknad på bruken av rusmiddel. Lova sitt utgangspunkt er at all bruk av alkohol kan medføra skade, både individuelt og samfunnsmessig. Utgangspunktet er vidare at aukande forbruk av alkohol aukar skadeverknadane. Føremålet med lova er, § 1-1:

«Regulering av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholdige drikkevarer.»

1.2 Løyveperiode
Kommunalt løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 2, som inneheld over 2,5 og mindre enn 22 volumprosent alkohol, og gruppe 3, som inneheld frå og med 22 til 60 volumprosent alkohol, kan gjevast for 4 år av gongen og opphøyrer seinaste 30.september året etter at nytt kommunestyre er valt.

Kommunen kan likevel vedta at løyva ikkje opphøyrer, men kan gjelda vidare for ein ny periode på inntil 4 år med opphøyr seinaste 30.september. I staden for krav om fornying kan kommunen endra eller fastsetja nye vilkår for løyve på same måte som ved handsaming av ny søknad, jf. §§ 3-2 og 4-3.

Sameleis er det for skjenkeløyve.

1.3 Sakshandsaming
Før kommunestyret tek stilling til ein søknad om sals- eller skjenkeløyve skal det alltid hentast inn uttale frå sosialtenesta og politiet, jf. § 1-7.

Vidare set lova krav at løyvehavarar og personar som har vesentleg innverkand på drifta må ha vist uklanderleg vandel i høve til alkohollovgivinga og anna lovgiving som har samanheng med føremålet med alkohollova, og med skatte- og avgifts- og rekneskapslovgivinga, jf § 1-7b.

1.4 Bruk av skjønn ved handsaming av søknader om sals- eller skjenkeløyve
Ved vurdering av om det skal gjevast løyve eller ikkje, kan kommunen m.a. leggja vekt på tal sals- og skjenkestader, kjenneteikn ved plassen, målgruppe, trafikale og ordensmessige tilhøve, næringspolitiske omsyn og omsynet til lokalmiljøet, jf. § 1-7a.

Kommunen kan vedta at det ikkje skal bli gitt meir enn eit bestemt tal løyve til sal eller skjenking.

1.5 Inndraging av sals- og skjenkeløyve
Kommunestyret kan inndra eit løyve for resten av ein periode eller kortare dersom vilkåra i § 1-7b ikkje gjeld lengre. Det same gjeld brot anna lovgiving som har same føremål.

Eit slikt vedtak kan berre gjerast dersom kommunen etter kommunevalet gjort ein gjennomgang av alkoholpolitikken, løyvepolitikken.

Når ein fastset retningslinjer for dette, kan kommunen leggja vekt på dei same argumenta som ved handsaming av ein ny søknad.

1.6 Kontroll med sals- og skjenkeløyve
Kommunen skal og føra kontroll på området. For denne perioden vart det inngått avtale mellom Trygg 24 og Sogn og Fjordane felles innkjøp (SFFI) administrert av Sogn og Fjordane fylkeskommune om kontroll av utsals- og skjenkestader. Avtalen tredde i kraft 07.10.13 og var gyldig for 2 år med opsjon i 2 år (1år + 1 år) for oppdragsgjevar.

På kontrollområdet er det no kome eit anna sanksjonsregime med prikkbelastning som må vurderast som aktuelt for nytt reglement.

Felles for punkta ovanfor

Punkta 1.4, 1.5 og 1.6 skal vurderast i denne planprosessen.

1.7 Delegasjon
Delegasjonsreglementet følgjer av anna kommunestyrevedtak. Utvalet kan også drøfte omfanget av delegasjon slik at prinsippielle saker vert handsama i utvalet medan andre saker vert avgjort av administrasjonen.

1.8 Kort om opptrappingsplanen for rusfeltet (2016 – 2020)
Rus- og psykisk helsefelt er satsingsområde for regjeringa. I den samanheng er det utarbeidd ein plan innretta mot personar som er i ferd med å utvikla (tidleg innsats), eller alt har etablert eit rusproblem. For å lukkast med å gje personar med rusproblem eit betre tilbod, så er det naudsynt med gode tenester i brukarane sine nærmiljø. Hovudinnsasten i planen er retta mot kommunesektoren der utfordrinagane er størst.

Den primærførebyggande innsatsen handlar i første rekkje om å vidareføra dagens rusmiddelpolitikk. Opptrappingsplanen vil difor i hovudsak omhandla tiltak retta mot personar som lever under kjent risiko for å få problem, behov for sekundærførebygging, og tiltak som er retta mot dei som har definerte varige plager, tertiærførebygging.

Vidare vert det i planen peika på at vi generelt manglar gode kvalitetsindikatorar og informasjon/kunnskap om effekten av tenester til personar med rusproblem.

Opptrappingsplanen for rusfeltet skal vera med å gi betre tverrsektoriell og samordna innsats for personar med rusproblem og ressursbruk.

2. Vurdering
2.1 Nytt plandokument
Rådmannen si vurdering er at ein ny plan i hovudsak bør avgrensast til fastsetjing av regelverk og rammer for å utøva sal og skjenking av alkohol. Andre rusrelaterte spørsmål må adresserast til - og vera ein del vert ein del av ny oppvekstplan og revisjon av plan for helse og omsorg.

Det samla planbehovet som følgjer av lover på rusfeltet, den statlege opptrappingsplanen samt kommunen sitt eige planverk vil då bli dekka gjennom det ordinære arbeidet som skjer i organisasjonen og i dei tenestene som har ansvaret for desse fagområda.

Samstundese er det viktig å slå fast at hovudmålet for kommunen sin ruspolitikk er å redusera dei samla rusmiddelskadane og dei belastningane rusmisbruk fører med seg.

Tiltak for å nå måla kan delast i tre:
- Førebyggja at det utviklar seg rus- og kriminalrelaterte problem
- Oppfølging og rehabilitering av dei som har utvikla rusrelaterte problem for å hindra at dei vert avhengige
- Oppfølging og rehabilitering av dei som har utvikla rusrelaterte problem og som er vortne avhengige

2.2 Framlegg til rammer for planprosessen – kommunale retningsliner for sal og skjenking av alkohol 2016 - 2020
Følgjande tema bør omhandlast i planarbeidet:
1. Status for handlingsprogrammet i gjeldande plan

2. Omtale av rusmiddelsituasjonen

- Nasjonalt nivå, Sirus
- Vurderinga av rusmiddelsitusjonen i kommunen, m.a politiet si ungdomsgransking
- Kriminalitetsutvikling
- Registrert omsetning av alkohol
- Regulering av sal og skjenking
- Kontroll og sanksjonar
- Anna

3. Brukarmedvernad på systemnivå og møte ned innehavarane av sals- og skjenkeløyve

4. Kontroll- og sanksjonregime

5. Kommunale reglar for sal og skjenking av alkohol.

2.3 Planprosess – hovudpunkt
Planarbeidet bør drøfta i utvalet sine møte fram til juni. Mellom møta vil administrasjonen utarbeida grunnlagsdokument for arbeidet.

Tidsplan:

Møte	**Tema**
17.mars	Handsama og fastsetja rammer for planarbeidet
28.april	Møte med næringa, SLT, interesseorganisasjonar, andre – 2 timar Utvalet drøftar kommunale reglar for sal og skjenking av alkohol – 2 timar Til møtet vil eit utkast til plan liggja føre.
Etter møtet	Høyring
26.mai	Slutthandsaming av planen og tilråding til kommunestyret.

Sogndal 09.03.16

Jostein Aanestad
rådmann